

I uminnelege tider har folk frå Skogsvåg i Sund stengt vågekval. – Kvalvika kunne vorte sett i stand med eit museum for kvalfangsten i Skogsvåg, meiner den lokal-historie-interesserte Alf Terje Fotland.

Vi må samla historia i

# Kvalvika

SYND: – Det er lett å sjå at Kvalvika ikkje er teke berre vare på, meiner Sigurd Svingøth.



I dag er det Hans Gollten som eig Kvalvika. På området har han den siste tida hatt eit klekkert forlaks og eit sagbruk. Dette har gjort at steinen som i lang tid vart brukt til å festa tafjen i, er borte.

– Steinen med det minna holer i, som dei festa tafjen til når dei drog kvalen på land, har eg kasta i steinpyllinga under saga. Eg måtte flytta han fordi det var

ynskjer å nytta bytta til å samla reiskapen i, er Hans Gollten lutrer øvre. Hytta som Gollten





**GAMLE TRADISJONAR:** Her er nokre av dei gamle reiskapane eg har teke vare på. Eg trur at det ligg meir kvalfangstreiskapar som vart brukte i Kvalvika rundt om i naustia, fortel Sigurd Sangolt.

— Steinen med dei

mina holer i, som dei festa tøljen til når dei drog kvalen på land, har eg kasta i steinryllinga under saga. Eg måtte flytta han fordi det var uråd å komma seg forbi med bil til saga slik steinen låg, seier Hans Gollen.

Alf Terje Fotland synest det er viktig at den gamle offerstaden for kvalfangst i Kvalvika vert verna og sett i stand.

— No ser ikkje området ut. Det er synd at gamle fiskeskunnar, fråslengtrevirke og ei hytte som står til nedfalls skal

øydeleggja den gamle tradisjonsrike staden. Kanskje kunne Sundkomne kjøpe hytta og gjera ho om til eit lite museum for kvalfangsten i Skogsvågen, foreslår Fotland.

Denne ideen er ikkje grunn-eigar Hans Gollen særlig interessert i, og han rykkjer at eit slikt museum heller kunne vorte plassert i gamle Skogsvågs skule.

— Eg er eigenleg positiv til ideen om å samla reiskapane frå tida då dei dreiv kvalfangst i vågen, men eg vil ikkje selja noko av tomia mi i Kvalvika til kommunen, seier Hans Gollen. Dersom Skogsvåg båtlag eller andre initiativtakarar derimot

ynskjer å nytta hytta til å samla reiskapen i, er Hans Gollen lutler øyre. Hytta som Gollen bygde i samband med klekkeriet i Kvalvika, vert no utleigd til ein privatperson.

### Historia

Sigurd Sangolt

er ein av dei som var med å stengja kval i Kvalvågen. Den siste kvalen var han med og fanga i 1960.

— Den siste kvalen var so liten at vi drog han opp i Grunnåvågen. Men det normale var å slepa han inn i Kvalvika. Der festa vi eit tau i sporen på den daude kvalen og tredde den gjennom to talar, ein ned med kvalen og ein festa i ein stor stein nede i fjæra. Deretter stod vi oppetter bakkane og drog opp dei tunge kvalane, fortel Sigurd Sangolt.



No var tida komen for å dela opp kvalen etter urgamle, uskrivne lovar. vågekval på land i Kvalvika.

**KLAR TIL DELING:**

Memene

frå

Skogs-

vågen har

nettopp drege ein

Kvalane kom inn i Skogsvåg på veg ut mot havet. På veg ut Raune-florden tok kvalane ofte feil, og kom inn i Skogsvågen. Og med ein gong vaktsame auge på Skoge oppdaga dette rope ein «Kval i våg», og nokre sytte for å stenga føre Stekasundet med ei kvalnot.

Kvalnota er forna etter botnen i sundet og er grunnare i den eine enden. Derfor var det viktig at nota låg rett veg i kvalbua. Dei to nøtene som vart brukt ligg enno i kvalbua på Stekholmen og er innlåste trass i at dei ikkje har vore i bruk på mange år.

— Når sundet var stengt føre, freista vi å lokka kvalen inn i Kylipa. Der stengde vi føre slik at kvalen var innesperra i eit lite basseng. Så var det å seija seg på haugen og venta tålmodig på at kvalen skulle koma opp for å pusta. Det var om og gjera å treffa han med harpun med ein kagege i enden på

tauet, slik at vi kunne sjå kor kvalen fór. Då vart det sjølvstegt mykje lettare å skyta han etterpå, fortel den gamle kvalfangaren.

**— Ta vare på tradisjonane**

— Kvalfangsten som har vore her i Skogsvågen er heilt unik med all aktiviteten rundt den. Tenk berre på «Kval i våg»-brølet og oppdelinga av kjøtet som gjekk føre seg etter eldgamle uskrivne lovar. Eg tilhøyrrer den siste generasjonen som deltok aktivt i kvalfangsten, og det ville vore synd dersom tradisjonane skulle døy med oss, meiner Sigurd Sangolt.

TRUDE HELEN HØYLAND



*GAMLE FOTO: Borgild Vassenden tok dette biletet i 1935 med kameraet ho fekk til konfirmasjonen sin. Her ser vi Kvalvika slik ho eingong var.*